

# Fastlegeavtale

14.12.2017

Av: Tone Westerheim

Publisert: 24.11.2017 00:00

Oppdatert: 21.11.2017 10:09

## Fastlegeavtale ID 1330

**Stord kommune har ledig fastlegeavtale - deleliste 50 %.**

**Søknadsfrist: 15.12.17**

Stord er ein industrikommune i Hordaland med vel 18 000 innbyggjarar. Kommunen er kommunikasjons- og regionscenter for Sunnhordland med gode samband til Bergen, Haugesund og Stavanger. Me har flyplass med flygingar til m.a. Oslo. Kommunen er landfast mot sør gjennom Trekantsambandet. Skuleverket er godt utbygd med m.a. vidaregåande skular, allmenn- og førskulelærar-, sjukepleiar- og ingeniørutdanning. Stord sjukehus er lokalsjukehuset for Sunnhordland. Me har eit rikt kulturliv med nærare 300 organisasjonar og det er gode vilkår for idretts- og friluftsliv.

### Fastlegeavtale – deleliste (ID 1330)

I samband med plan for alderspensjonering er det ledig avtale som deleliste 50 % frå 1. januar 2018.

Dette er med tanke på varig overføring av heimelen etter nærare avtale.

Den aktuelle avtalen har ei personliste på kring 1000, men denne kan aukast.

Avtalen er lokalisert sentralt på Stord i Landsbylegane AS på Leirvik. Det er eit senter med 4 legar der 3 er spesialistar i allmenmedisin og 1 er under spesialisering med samla om lag 4400 personar på listene. Praksisen har gode lokale, stabil arbeidsstokk og tilsette med lang erfaring. Dei har Plenario journalsystem knytt til NHN, avtale med Nokus for laboratoriearbeidet og kvalitetssystemet TrinnVis.

I Sunnhordland er det jamt rettleingsgrupper for spesialisering i allmenmedisin.

Avtalen kan kombinerast med dei andre utlyste stillingane i Stord kommune som lege ved IDA eller medisinsk fagleg rådgjevar for legevakt (sjå egne utlysingsstekstar).

#### Vaktordning

Legevakta er eit interkommunalt samarbeid mellom Bømlo, Fitjar og Stord kommunar. Vaktområdet omfattar vel 31 000 innbyggjarar med om lag 3 vakter/mnd. Det er for tida tilstadesvakt for lege og fastlønnsordning med oppdelt vaktøgder. Legevakta er samlokalisert med interkommunalt øh. døgntilbod (IDA) i eige bygg ved Stord sjukehus.

#### Vilkår

Legen må gå inn i eksisterande samarbeidsavtale mellom legane ved kontoret. Overtakingsvilkår og etablering av praksis ved legekontoret vert avtalt direkte med aktuell fastlege.

Legen må ta full del av vaktplikta knytt til ordning for Sunnhordland interkommunale legevakt inkludert KAD. Det må reknast med inntil 7,5 timar per veke med offentleg allmenmedisinsk legearbeid.

Vilkår for deleliste i fastlegeavtale går fram av gjeldande forskrift, retningslinjer og tariffavtalar.

#### Me legg vekt på

Gode referansar som gjeld fagleg dugleik og personlege eigenskapar i høve samarbeid.

God norsk språkutøving og kulturforståing.

#### Me tilbyr

Eit godt arbeidsmiljø, dyktige medarbeidarar og ein arbeidsplass der me har fokus på kvalitetsheving av eit faglig godt tilbod til våre tilsette og pasientar.

Løns- og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande kommunalt avtaleverk. Det må leggast fram politiattest.

Kontakt kommuneoverlege Lars Helge Sørheim på 534 96 600, e-post [lhs@stord.kommune.no](mailto:lhs@stord.kommune.no) eller aktuell fastlege Aasmund Storebo på 99 12 82 67, epost [aasmund.storebo@sklbb.no](mailto:aasmund.storebo@sklbb.no) for nærare opplysningar.

**Søknadsfrist: 15.12.2017**

**[Søk på stillinga](#)**